

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet i Hordaland</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. et., Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	18.02.2016
<b>Tid:</b>	10:30

### Program

Kl. 10:30 – Sakshandsaming  
Marit Rødseth frå regionalavdelinga kjem til møtet kl 10:50

Kl. 12:00 – lunsjpause

Kl. 12:45 - Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kåre Ystanes  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/16	Godkjenning av sakliste		
PS 3/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 4/16	Referatsak (meldingar)		
RS 1/16	Førebuing til sak om folkehelseoversikt for Hordaland 2015-2019	2016/1639	
RS 2/16	Status Klinikstruktur Tannhelse Hordaland	2016/1605	
PS 5/16	Innspel til ny regional planstrategi for Hordaland 2016-2020	2016/1606	
PS 6/16	Innspel til saker/tema på Vestlandssamling fylkeseldreråd april 2016	2016/1620	
PS 7/16	Drøfte invitasjon til Landskonferanse for fylkeseldreråd 2016	2016/1625	
PS 8/16	Planlegging av konferanse for kommunale eldreråd i Hordaland 2016	2016/1627	
PS 9/16	Kontakt med dei kommunale eldreråda i Hordaland	2016/1631	
PS 10/16	Oppfølging av fylkesutvalsvedtak om elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet	2015/11450	
PS 11/16	Ymse		

PS 1/16 Godkjenning av møteinnkalling

PS 2/16 Godkjenning av sakliste

PS 3/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 4/16 Referatsak (meldingar)



## **Notat**

Dato: 09.02.2016  
Arkivsak: 2016/1639-1  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Førebuing til sak om folkehelseoversikt for Hordaland 2015-2019**

Regionalavdelinga skal, for først gong, utarbeide oversikt for folkehelsa i Hordaland. Saka kjem formelt til fylkeseldrerådet 14. april. I dagens møte vil ein kort sjå gjennom dokumenta til saka for å sikre god førebuing i fylkeseldrerådet.



## Notat

Dato: 08.02.2016  
Arkivsak: 2016/1605-1  
Saksbehandlar: ariseks

---

<b>Til:</b>	Fylkeseldrerådet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Status Klinikstruktur Tannhelse Hordaland

Denne saka vert lagt fram for nyvalt fylkeseldreråd 2015-2019, til orientering:

Ein viser til vedlegget «Tannhelsetenesta Klinikstrukturplan 2015-2030». Denne planen skal politisk handsamast i fylkestinget 8. mars 2016. Saka skal først til utval for opplæring og helse 10. februar. Planen var ute til høyring i 2014 og fristen for høyringsuttalar er såleis ute for lenge sidan. Førre fylkeseldreråd gav følgande høyringsuttale (attgjeve frå årsmelding for fylkeseldrerådet 2014):

*«Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjend med dei endringar som ligg føre når det gjeld forslag til ny klinikstrukturplan i Hordaland. Planforslaget syner ein betydeleg reduksjon i talet tannklinikkar i fylket med fleire ulike grunngevingar. Det er lagt vekt på større lokale med fleire rom som er fysisk betre tilpassa heile folket – Universell utforming, tilgjenge på betre og meir avansert utstyr, stabilt personale og betre tilgang på kompetanse. Fylkeseldrerådet meiner det er serleg positivt at tannhelsa i aukande grad har betra seg og at dette og gjeld den eldre del av folket. God tannhelse har stor innverknad på helsa generelt hjå alle aldersgrupper. Forslaget frå fylkestannlegen skal ut frå planen som føreligg gjeva eit betre tannhelsetilbod til ulike lovpålagte grupper. Rådet vil særleg sjå nærare på tilhøva for dei eldre i høyringsuttalen.*

#### **Tannhelseteneste til lovpålagte grupper**

*I lov om tannhelseteneste er nedfelt at den offentlege tannhelsetenesta skal gjeva eit regelbunde og oppsøkjande tilbod til barn og unge under 18 år, til psykisk utviklingshemma og til eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie. Fylkeseldrerådet vil i fyrste rekke retta merksemda til punktet som omhandlar grupper av eldre og uføre både i institusjon og heimesjukepleie. Når det gjeld klinikkar på sjukeheimar ser vi i planen at det er fem sjukeheimar som har eigen tannklinik der alle ligg i Bergen kommune. Dei andre sjukeheimsbebuarane ute i distrikta og likeeins heimebuande som treng heimesjukepleie lyt i dag reise til næraste hovudklinikken for behandling. For å unngå dei ulemper det vil medføre å reise til tannklinik utanfor institusjonen er å heve standaren på dei eksisterande tannklinikane ei betre løysing for pasientar ved dei institusjonar dette er aktuelt. Fylkeseldrerådet meiner tannklinikane knytt til sjukeheimar må oppretthaldast. Fylkestannlegen bør legge til rette for ei tannhelseteneste der alle grupper som rettmessig er knytt til «Lov om tannhelsetenesta» får eit best mogleg tannhelsetilbod når klinikstrukturten vert endra. Ulemper planen kan medføre må ein unngå i størst mogleg grad.*

### **Reisetid /Reiseavstand**

Fylkeseldrerådet meiner dei største ulemperne for einskilde grupper/einskild pasient vil vera endring i reiseavstand/reisetid, ulikt frå kommune til kommune. Dei aller fleste treng reisefylje med dei avstandar fylkestannlegen legg opp til. For dei kommunar som må nytte både fergje og busstransport/drosje til tannklinikken kan ulemper dette medfører verta ei stor belastning for mange. Dette gjeld dei fleste grupper i distriktet både heimebuande og i institusjon, særleg den eldre del av folket. I planen gjev Fylkestannlegen gir uttrykk for ei akseptabel reisetid opp mot ein time kvar veg til tannklinikane. Fylkeseldrerådet er usamd i denne vurderinga. Einskilde pasientar kan ut frå både fysisk og psykisk helsetilstand påførast unødige ulemper. Ein bør taka omsyn til at einskilde kommunar må nytte både fergje i tillegg til buss, drosje eller anna transport der reisetida kan strekke seg over betydeleg lenger tid enn reiseplanen syner. Både ventetid på fergje og andre upårekna ulemper kan vera årsak til ei lenger reisetid enn forventa. Særleg for eldre og uføre pasientar kan reisetida verta ei unødig påkjenning. I klinikkstrukturplanen har fylkestannlegen i fyrste rekke teke omsyn til økonomi og kompetanse, noko som sjølvstøtt er turvande. Fylkeseldrerådet meiner ein i planen ikkje har teke tilstrekkelig omsyn til reisetid/avstand til tannklinikkar og ulemper dette kan medføre for ulike grupper. Rådet meiner omsyn til den forventa auke av den eldre del av folket i åra frametter er lite synleg i klinikkstrukturplanen. For å unngå unødig lang reisetid meiner fylkeseldrerådet det må kunna innreist ein buss til tannhelseteneste, slik at eldre menneskje slepp å reise langt av garde for å stelle tennene sine. Fylkeseldrerådet tenkjer fyrst og fremst på menneskje som bur på institusjonar og eldre som er heimebuande, men som er funksjonshemma eller har vanskeleg for å kome seg til tannhelsetenesta. Dette gjeld særleg i distrikta som misser dei fleste av tannhelseklinikane sine.

### **Tannhelsepersonale**

Klinikkstrukturplanen legg opp til større klinikkar med tilstrekkelig utstyr og fagkompetanse der tilsette får eit stabilt og godt fagmiljø. Det vert òg framheva at ambulering er lite ettertrakta blant tilsette. Sjølv om tilsette stundom lyt ambulere til tannklinikkar som ikkje dagleg er i bruk, stiller fylkeseldrerådet seg undrande til at dette ofte vert vurdert som hovudgrunnen til at tilsette søker seg bort frå distrikta. Tannpleiarane er ei viktig og turvande ressurs og tilsynelatande ei stabil gruppe ute i distrikta. Tannpleiaren er ofte den tilsette både born og eldre møter fyrst i samband med tannbehandling på tannklinikane. Fylkeseldrerådet ser det som særleg turvande at fleire mindre klinikkar i distrikta vert oppretthaldne av omsyn til regelmessig tannpleie / behandling hjå enkelte grupper. Lengre avstand og reisetid kan medføre at einskilde pasientar utset nødvendig tannbehandling. Fylkeseldrerådet ser at det er fleire gode grunngevingar for endringar i klinikkstrukturplanen. Rådet meiner ein må vurdera nærare dei ulemper som endra avstandar og reisetid kan påføre enkelte pasientgrupper der tannhelsetenesta er lovpålagt. Ovannemnde bør setjast i ein vidare samanheng med heile klinikkstrukturplanen i fylket.»

Sjølve høyringsdokumentet finn ein på:

[www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Tannhelse/Klinikkstrukturplan-for-tannhelsetenesta](http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Tannhelse/Klinikkstrukturplan-for-tannhelsetenesta)



Arkivnr: 2016/1606-1  
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	5/16	18.02.2016

## Innspel til ny regional planstrategi for Hordaland 2016-2020

### Samandrag

Planseksjonen i regionalavdelinga arbeider med ny regional planstrategi for Hordaland 2016-2020. Planseksjonen ønskjer innspel til utfordringar, mål og satsingsområde. Leiar for dette arbeidet i regionalavdelinga, Marit Rødseth, vil orientere i dagens fylkeseldrerådsmøte og invitere til dialog om regional planstrategi, spesielt relatert til saker som vedkjem eldre.

**Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.**

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør økonomi- og organisasjonsavdelinga

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Framhald neste side



**Fylkesrådmannen, 08.02.2016**

## Regional planstrategi 2016-2020

Regional planstrategi er ein overordna plan for Hordaland fylke. Den blir vedteke kvart fjerde år av fylkestinget, seinast eitt år etter konstitueringa. Planen har verknad for fylkeskommunen, statlege regionale organ og kommunane. Planarbeidet er starta opp og fylkesutvalet er styringsgruppe.

Planen inneheld:

1. Langsiktige mål for utviklinga i fylket.
2. Satsingsområde/strategiar for dei næraste åra.
3. Program for kva regionale planar som skal utarbeidast dei nærast fire åra.

Planen skal utformast på bakgrunn av beskriving av utviklingstrekk, utfordringar og mulegheiter. Organ som blir vedrørt av planstrategien skal medverke i planlegginga. Vi er no i ein innspelsfase og det er mogeleg for fylkeseldrerådet å kome med synspunkt på kva som er

- særlege utfordringar i Hordaland
- viktige langsiktige mål og strategiar for utviklinga i Hordaland

08.02.2016/Prosjektleder Marit Rødseth, Regionalavdelinga



Arkivnr: 2016/1620-1

Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	6/16	18.02.2016

### Innspel til saker/tema på Vestlandssamling fylkeseldreråd april 2016

#### Samandrag

Vestlandssamlinga for dei tre fylkeskommunale eldreråda vert i år arrangert av Rogaland fylkeseldreråd på Sola strandhotell 26.-27. april. Ein har bede om innspel til saker frå dei to andre deltakande råda. Forutan eventuelle andre saker som vert reist i dette rådsmøtet, føreslår arbeidsutvalet at ein tek opp uttalen som dei tre eldreråda gav til landskonferansen for fylkeseldreråd som vart halde i Fevik 27.-29. mai 2015:

***Uttale til Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2015 vedr ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar.***

*Det er, av ulike årsaker, ingen fylkeskommune som ser seg i stand til å stå som arrangør/vertskap for ein landskonferanse for fylkeseldreråda i 2016. Det er heller ikkje noko offentleg organ som i dag tek eit overordna ansvar for koordinering og planlegging av landskonferansane. Statens seniorråd har tidlegare hatt ei aktiv rolle i høve til dette, men ser ikkje på dette som sitt formelle ansvar i dag. Fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har drøfta situasjonen på sin vestlandskonferanse 28.-29. april 2015 og er samde om å be Landskonferansen 2015 drøfte og avklare følgande:*

- 1. Om det fortsatt er slik at ingen fylke kan arrangere landskonferanse i 2016.*
- 2. Korleis sikre eit overordna ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar.*
- 3. Om landskonferanse for fylkeseldreråd bør haldast 2.kvart år, med neste konferanse i 2017.*
- 4. Om fylkeseldrerådsleiarane i dei tre siste arrangørfylka skal utgjere ei styringsgruppe for landskonferansane.*

*Lofthus i Hardanger, 29. april, 2015  
(Signert dei tre fylkeseldrerådsleiarane)*

Uttalen var innmeldt til Landskonferansen 2015 på førehand, men ikkje tidleg nok til at den kom på sakskartet. Uttalen vart lese opp, men ikkje seriøst drøfta på konferansen. Vestlandsråda kravde difor at uttalen vert drøfta på landskonferansen i 2016. Det kan nemnast at Oppland fylkeseldreråd har teke på seg å arrangere 2016-konferansen i Lillehammer.

**Forslag til vedtak:**

Fylkeseldrerådet gir innspel til følgende sak/saker på Vestlandskonferansen 2016:

1. Oppfølging av uttale til Landskonferansen for fylkeseldreråd i 2015.
2. ....

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



# VESTLANDSKONFERANSEN

FOR FYLKESELDRE RÅDA I ROGALAND, SOGN & FJORDANE OG HORDALAND.

HOTEL ULLENSVANG, 28. – 29. APRIL 2015

## Tysdag 28:

Før 1300: Ankomst og evt innsjekk dersom rom er klare.

1300 Lunsj

**1400 Velkommen!**  
Margot Bertheussen, leiar, fylkeseldrerådet i Hordaland  
Solfrid Borge, ordførar i Ullensvang

**1420 Morgondagens aktivitetssenter.**  
Gro Renstrøm Moen, Pensjonistforbundet

**1500 Universell utforming: Naudsynt for nokre og bra for alle!**  
Ragnhild Aak Skajaa, rådgjevar, eigedomsseksjonen, Hordaland fylkeskommune

1545 Pause m/ kaffi

**1600 Friluftlivets år: Fottur med guide i Edvard Grieg sine fotspor.**  
Guide: Edmund Utne, tidl. hotelldirektør

**1645 Fellesmøte for fylkeseldreråda. Utveksle erfaring frå arbeidet i råda. Utfordringar.**

1730 Slutt


1900 Aperitiff

**1915 Middag med kulturelle innslag.**

(Program pr. 23.04.2015)

## Onsdag 29:

- 0900 Samferdsel, korrespondanse og anbod.**  
Oddmund Sylta, adm. dir. i Skyss.
- 1000 Kommunereforma: Kva vert framtida for kommunar og fylkeskommunar?**  
Ole Bakkebø, rådgjevar, Fylkesmannen i Hordaland
- 1100 Pause m/ kaffi (og evt utsjekk).
- 1115 Omsorgsteknologi**  
Kari Eidsheim Bjørkheim, einingsleiar, heimetenesta, Lindås kommune  
Hildegunn Baravelli, ergoterapeut, Lindås kommune
- 1230 Avrunding i plenum**
- 1300 Lunsj
- 1400 Heimreise



Kontakt/hotell:

Hotel Ullensvang  
5787 Lofthus i Hardanger  
Telefon: (+47) 53 67 00 00  
[ullensvang@hotel-ullensvang.no](mailto:ullensvang@hotel-ullensvang.no)

(Program pr. 23.04.2015)



Arkivnr: 2016/1625-1  
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	7/16	18.02.2016

### Drøfte invitasjon til Landskonferanse for fylkeseldreråd 2016

#### Samandrag

Fylkeseldrerådet har motteke invitasjon til Landskonferanse for fylkeseldreråd i Lillehammer 30. mai til 1. juni 2016 (sjå vedlegg).

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil delta på Landskonferansen for fylkeseldreråd i Lillehammer 30. mai til 1. juni med alle faste medlemmer som har høve, samt sekretær.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Fylkeskommunale elderråd i Norge



Vår ref.: 201600026-1  
Deres ref.:

Lillehammer, 7. januar 2016

## **Foreløpig invitasjon til landskonferanse for fylkeskommunale elderråd 2016**

Oppland fylkes elderråd inviterer med dette til landskonferanse for fylkeskommunale elderråd

**30. mai - 1. juni 2016 på Lillehammer hotell, Lillehammer**

### **Foreløpig program:**

Mandag 30. mai: Frammøte og lunsj kl. 15.00. Det faglige temaet denne dagen blir trafiksikkerhet. Dagen avsluttes med grilling og sosialt samvær.

Tirsdag 31. mai: Aktuelt fra Statens seniorråd, hvordan arbeider vi i elderrådene, eldre og helsevesenet. Denne dagen avsluttes med festmiddag.

Onsdag 1. juni: Sak og diskusjon om framtidig organisering av landskonferansen, samt den kulturelle spaserstokken. Etter kort oppsummering avsluttes samlingen med lunsj kl. 15.00.

### **Praktisk informasjon:**

Fylkene bestemmer selv antall deltakere. Oppland fylkeskommune sørger for etterfakturering.

### **Priser:**

Mandag 30. mai: per person i enkeltrom, dagpakke og middag	kr 1.575,-
Tirsdag 31. mai: per person i enkeltrom, dagpakke	kr 1.295,-
egenandel festmiddag	kr 500,-
Onsdag 1. juni: dagpakke	kr 445,-

---

**Postadresse:**

Postboks 988  
2626 LILLEHAMMER

**Org. nr:** 961382335

**Besøksadresse:**

Kirkegt. 76, Lillehammer  
**Bankkonto:** 2000 09 50018

**E-post:** postmottak@oppland.org

**Saksbehandler:**

Berit Johannessen

**Telefon:**

**E-post:** Berit.Johannessen@oppland.org

Sett av dagene! Endelig program og påmeldingsskjema følger i løpet av februar.  
Påmeldingsfrist: 1. april 2016

**HJERTELIG VELKOMMEN TIL**



Med hilsen

Berit Johannessen  
rådgiver





Arkivnr: 2016/1627-1

Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	8/16	18.02.2016

## Planlegging av konferanse for kommunale eldreråd i Hordaland 2016

### Samandrag

Hordaland fylkeseldreråd arrangerer kvart år ein konferanse for dei kommunale eldreråda i fylket. I førre fylkeseldrerådsmøte vart det vedteke å halde konferansen 19.-20. oktober i Bergen. I dagens rådsmøte vil ein byrje å drøfte innhald og opplegg for konferansen, som ein vil be arbeidsutvalet arbeide vidare med.

**Saka vert framlagt utan forslag til vedtak.**

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2016/1631-1  
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	9/16	18.02.2016

## Kontakt med dei kommunale eldreråda i Hordaland

### Samandrag

Arbeidsutvalet ønskjer at fylkeseldrerådet skal drøfte behovet for kontakt med dei kommunale eldreråda i Hordaland, utover det ein oppnår på den årlege eldrerådskonferansen. Ein måte å gjere dette på kan vere at ein eller fleire representantar frå fylkeseldrerådet deltek på regionvise eldrerådssamlingar dersom slike vert haldne i t.d. Sunnhordland, Nordhordland, Bergen/Bergen-vest og Voss/Hardanger.

**Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.**

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2015/11450-4  
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	10/16	18.02.2016

### Oppfølging av fylkesutvalsvedtak om elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet

#### Samandrag

Fylkeseldrerådet gjorde følgande vedtak i møte 5. november 2015 (PS 38/15):

*Fylkeseldrerådet vedtek å foreslå at rådet skal ta i bruk elektroniske sakspapir og bruk av nettbrett med verknad så snart som råd etter at nytt fylkeseldreråd er konstituert.*

Saka gjekk vidare til fylkesutvalet som gjorde dette vedtaket 29. januar 2016 (PS 19/16):

*Fylkesutvalet vedtek at Hordaland fylkeseldreråd skal ta i bruk elektronisk sakshandsaming så snart det praktisk let seg gjere. Vedtaket inneber at fylkeseldrerådsmedlemene får naudsynt materiell (nettbrett, m.v.) og opplæring i bruk av dette.*

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet bed administrasjonen gjere greie for når og korleis ein vil sette i verk bruk av elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet, samt gje naudsynt opplæring av rådsmedlemer som treng dette.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

PS 11/16 Ymse